

Konfirmantane samla inn 13.260 kroner!

23.03.2010



Kor skal eg gå, undrar konfirmantane og soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen svarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På to timar i kveld samla dei 13 konfirmantane i Uskedalen inn 13.260 kroner under den årlege fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp. Dei gjorde i likhet med tidlegare konfirmantkull i bygda ein innsatsfor eit godt føremål som det står stor respekt av.

-Vi i soknerådet er svært imponert over innsatsen til dei kjempekjekke ungdommane, seier soknerådsleiar Møyfrid Kristoffersen til uskedalen.no
Samstundes vart det nok ein gong bekrefta at uskedelingane er rause under innsamlingar og basarar.

I fjor samla 9 konfirmantar inn 8.883 kroner.

Her er kullet, som stilte opp utan fråfall: Kenneth N. Stensletten, Preben Klette Sundal, Thomas Mathiesen, Marita Kjærland, Sindre A. Onarheim, Håvard Steinsvik, Andrea H. Lunde, Rune Kjærland, Kaja Døssland, Martin T. Hauge, Ann Lisbeth Ljosnes Moen, Ingebjørg Haugland og Eirin Rørheim Kjærland.

Konfirmantane vart godt mottekne nesten uten unnatak og det var heller ikkje mange som ikkje var heime då innsamlarane kom med bøssene.

Det var som tidlegare soknerådet som organiserte innsamlinga – med bedehuset som base.

Dette året var fokus sett på korleis fattige alltid blir hardest råka av naturkatastrofar og her er nokre døme på kva dei innsamla midlane vil gå til:

- Solcellepanel i Mali
- Cisterner i Brasil
- Planting av tre i Kenya
- Husbyggjing i Vietnam
- Redningsteam for flomkatastrofar i Bangladesh

Av Ola Matti Mathisen



13 konfirmantar klåre til innsats. (Foto: Ola Matti Mathisen)